

Referat møte nr. 02/17
Styringsgruppa for Førdepakken

Møtedato: 16. juni 2017 kl 13:00 – 14:40

Stad: Video Førde/Leikanger

Møteleiar: Svenn Finden

Referent: Eli Marita Vik Næss

Til stades: Ole John Østenstad (OJØ), Svenn Finden (SF), Tore Eriksen (TE), Oddvar Flæte (OF), Ingar Hals (IH), Eli M. Næss (EMN)

Forfall: Arve Seger (AS)

Kopi til: Alle som var innkalla.

Sakshandsamar/innvalsnr:

Eli Marita Vik Næss – 951 91 805

Vår dato: 16.06.2017

Vår referanse:

Sak nr		Ansvar / frist
5/2017	<u>Referat frå siste møtet (31. januar 2017)</u> Ingen merknader	SF
	<u>Gjennomgang av oppfølgingssaker</u>	
	– <i>Rv. 5 Bergumkryssset – anbudsprotokollen frå opninga skal sendast til styringsgruppa</i>	IH
	Vart sendt 3. februar	IH
	– <i>2/17 Gs-tunnel Klettatunnelen: Sak om oppstart bygging skal leggjast fram for styringsgruppa</i>	IH
	Blir tatt under status	IH
	– <i>2/17 Styringsgruppa ønskjer å få lagt fram ein oversikt over gjenståande planlegging som skal førast på planposten.</i>	
	Blir tatt under status	
	– <i>3/17 Styret i bomselskapet ber om at framdrift på nytt blir teke opp i styringsgruppa og at eit system for kostnadskontroll med planlegging og prosjektering blir vurdert. Vi bør ta ut rapportar som syner fordeling av kostnadsbruken og leggje fram for styret i bompengeselskapet. Bør og syne fordelinga på konsulentbruk/eigne kostnader.</i>	IH
	Blir teke opp under sak 7.	



Sak nr		Ansvar / frist
6/2017	<p data-bbox="276 271 357 306"><u>Status</u></p> <p data-bbox="276 311 1117 347">Ingar gjekk gjennom statusrapport som vart sendt ut på førehand.</p> <p data-bbox="276 383 890 418">Tiltak 1: Fv. xxx Angedalsvegen-Hafstadvegen</p> <p data-bbox="276 423 1174 566">Det er kritiske haldningar til framdrifta i dette prosjektet, fordi mange andre prosjekt heng på dette prosjektet og stilt spørsmål om det har vore sett av nok planressursar. Planen vi skulle byggje etter var ikkje god nok, eller gjennomførbar. Måtte omregulerast.</p> <p data-bbox="276 602 625 638">Tiltak 2: Fv. 484 Vievegen</p> <p data-bbox="276 642 892 678">Klagehandsaming i Planutvalet i Førde 22. juni.</p> <p data-bbox="276 714 639 750">Tiltak 3/4: E39 Hafstadflata</p> <p data-bbox="276 754 1161 822">Reknar med planvedtak i september. Revisjonen går ut på å fjerne to hus. Dette vil koste oss noko, men ikkje utsetjing i tid.</p> <p data-bbox="276 857 671 893">Tiltak 5: Rv. 5 Bergumkrysset</p> <p data-bbox="276 898 979 934">Noko ekstra kostnader vedrørande ei søppelfylling etc.</p> <p data-bbox="276 969 970 1005">Tiltak 10: GS-veg Hafstad-Brulandsvellene/Vievegen</p> <p data-bbox="276 1010 1101 1077">Planutvalet i kommunen slutta seg til at brua går ut, etter ein del diskusjon.</p> <p data-bbox="276 1113 810 1149">Tiltak 12: Indre Øyrane - Langebruvegen</p> <p data-bbox="276 1153 1104 1220">Handsamast i planutvalet førstkomande torsdag, - planvedtak på hausten.</p> <p data-bbox="276 1256 831 1292">Tiltak 13: E39 GS-veg Liavegen – Skjæret</p> <p data-bbox="276 1296 1187 1364">Reknar ikkje med at det kjem så mykje innspel i høyringa som snart er avslutta.</p> <p data-bbox="276 1400 609 1435">Tiltak 14: E39 Fjellvegen</p> <p data-bbox="276 1440 1101 1507">Ein del problemstilligar knytt til eigedom som vi må jobbe med. Håpar på at tidsfristen for godkjent plan likevel vil halde.</p> <p data-bbox="276 1543 1166 1610">Mykje som skjer samtidig i Førde, bl.a sentrumsplan. Mange aktørar. Parkering vil bli eit stort tema framomver.</p> <p data-bbox="276 1646 820 1682">Tiltak 17: Rv. 5 GS-tunnel Klettatunnelen</p> <p data-bbox="276 1686 938 1722">Handsamast i Planutvalet på førstkomande torsdag.</p> <p data-bbox="276 1758 1114 1825">Vi vil vurdere entrepriserform etter sommaren og førebu oppstart. Styringsgruppa sluttar seg til dette.</p>	



Sak nr		Ansvar / frist
	<p><i>Bemannning</i> Jobbar med å finne ny prosjektleiar. Ekstern utlysning. Ingar blir i stillinga til ny leiar er på plass.</p> <p>Det er ønskjer om at Ingar sin kompetanse blir vidareført i prosjektet.</p> <p>Bompenginntekter v/Oddvar 30-dagars-regelen har kosta dyrt, men trafikken er større enn føresett. Ikkje langt under prognose. Reknar med at bompengeselskapet inngår i det regionale selskapet til hausten.</p> <p>Må få fortgang i tiltak 1. Viktig for trafikkavviklinga. Bør løfte opp dette prosjektet i det vidare arbeidet. Folk i Førde er oppteken av dette. Vi vil sjekke internt om det er mogeleg å setje inn fleire ressursar på tiltaket.</p> <p><i>Forbruk og kostnader</i> Bør vi bruke meir på konsulentar? Det er ressursavdelinga vår som vurderer det. Brukar masse ressursar på å følgje opp konsulentar. Statens vegvesen har føringar på at konsulentbruk skal haldast nede.</p> <p>Det har vore nytta mykje meir til planlegging enn det som var estimert.</p> <p>Det må vurderast om det er rett kompetanse vi har internt sett opp mot å bruke konsulentar.</p> <p>Viktig å halde ambisjonen om at alle tiltaka skal byggjast. Ikkje noko som tilseier at ikkje ramma held. Det bør opplysast om i planutvalet som neste torsdag.</p>	
7/2017	<p><u>Spørsmål frå Oddvar. E-post av 7.6 sendt vedlagt møteinnkallinga</u></p> <p><i>Spørsmål 1: Førdepakken er eit høvesvis stort prosjekt der vi har rapporteringsansvar inn i våre egne organisasjonar. Kan vi få ein årsrapport som tek opp planar, framdrift, forbruk og utsikter for det komande året?</i></p> <p>Det er ønskje om at årsrapporten for sist år og skal innehalde tankar om planar/framdrift for komande år.</p> <p><i>Spørsmål 2: Kva betalingsplan har SVV for eiga finansiering?</i></p> <p>Ligg ein finansieringsplan inne i Handlingsprogram for NTP. Finansieringsplanen blir sendt til styringsgruppa når HP er offentleg.</p>	EMN



Sak nr		Ansvar / frist
4/2017	<p><i>Spørsmål 3: Kan vi få lagt fram dette oversynet på det komande styringsmøtet?</i></p> <p>Sjå under spørsmål 2.</p> <p><i>Spørsmål 4: Kan styringsgruppa få tilsvaret på det komande møtet?</i></p> <p>Er besvart i møtet.</p> <p><u>Ymse</u></p> <ul style="list-style-type: none"> – <i>Media</i> Mykje verserer i media. Viktig at vi er samde om kven som svarar. Viktig å skilje på kva som er politikk og kva som er fag. Trygt når det er prosjektleiar for Førdepakken som svarar. Det er Statens vegvesen som byggjer Førdepakken basert på det som er bestemt politisk. Førde kommune, prosjektleiar og bompengeselskapet bør ta ei avklaring når det er aktuelle saker, om ein skal svare på lesarinnlegg og kven som i så fall svarar. – <i>Neste møte</i> 6. oktober kl 13-15. 	EMN

Oppfølgingssaker styringsgruppe Førdepakken

Sak.nr	Omtale	Ansvarleg	Frist
7/2017	Finansieringsplanen for Førdepakken blir sendt til styringsgruppa når handlingsprogrammet (HP) er offentlig.	EMN	Sept./okt når HP blir sendt på høyring til fylkeskommunane



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen